



Vibeke Eikehaug og Jo Einar Vabø
Krossneset 28
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/392 - 15/8056

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
23.04.2015

Godkjenning - utslepp frå ein fritidsbustad på Flatøy gbnr 1/66.

Administrativt vedtak. Saknr: 123/2015

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad om utslepp frå ein fritidsbustad på Flatøy, gbnr 1/66. Utsleppet skal reinsast med 3m³ slamavskiljar, før utsleppet vert ført vidare til eksisternade avlaupsleidning frå gbnr 1/233 som går ut i sjø. Eigedommen er tilknytt kommunalt vassverk.

Utsleppsløysinga for eigedommen gbnr 1/66 vart etablert i 1994 utan at det låg føre naudsynt løyve og det vert no søkt om legalisering av dette utsleppet. Søknaden er knytt opp til søknad om bruksendring frå hytte til heilårshus. Søknad om bruksendring er ikkje handsama enno.

Det ligg føre erklæring frå eigar av gbnr 1/233 som gjev eigedommen rett til å knyta seg til eksisterande leidning til sjø.

Vurdering:

Utsleppstaden ligg i eit mindre følsomt område og utsleppsordninga det er søkt om er i samsvar med gjeldande krav i området.

Administrasjonen vurderer at nabovarslinga som vart utført i samband med søknad om bruksendring er tilstrekkelig, jf pbl § 21-3.

Kommunen legg til grunn at anlegget er inspisert av firma Stendal VVS, som stadfestar at slamavskiljaren fungerer tilfredstillande med normal vasstand og gjerdingsvekst på toppen i 1. kammer.

Dersom bruksendring frå hytte til heilårshus vert godkjent og det viser seg ein 3m³ slamavskiljar ikkje er tilstrekkelig, må eigar for eiga rekning betale for eventuelle ekstratømmingar, eller bytta ut med ein større tank.

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5 utseppsløyve for ein fritidsbustad på gbnr 1/66 i samsvar med søknad dagsett 23.01.2015 og supplerande opplysningar motteke 07.04.2015 og 17.04.2015 og på følgjande vilkår:

Avlaupet skal gå via slamavskiljar og kommunen legg til grunn for godkjenninga at anlegget er inspisert av firma Stendal VVS, som stadfestar at slamavskiljaren fungerer tilfredstillande med normal vasstand og gjerdingsvekst på toppen i 1. kammer.

Frå slamavskiljar skal avlaupsvatn førast i tett leidning til eksisterande avlaupsleidning frå gbnr 1/233 som går til sjø.

Slamavskiljar skal plasserast slik at den kan tømmast med slamsugebil i samsvar med vedtekter for slamtømming.

Eigedomen skal betale slangebyr til kommunen i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.

Derom bruksendring frå hytte til heilårshus vert godkjent og det viser seg ein 3m³ slamavskiljar ikkje er tilstrekkelig, må eigar for eiga rekning betale for eventuelle ekstratømmingar, eller bytta ut med ein større tank.»

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Plassering av slamavskiljar 1-66

Kopi til:

Steinar Thunold
Stendal VVS

Mottakere:

Vibeke Eikehaug og Jo Einar Vabø

Krossneset 28

5918

FREKHAUG